

Innkalling

av

Fellesnemnd

Møtedato: 06.11.2017
Møtestad: Meland rådhus
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 013/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 014/17 | Godkjenning av møteprotokoll frå 02.10.2017 |
| 015/17 | Innplassering av rådmenn i Alver kommune |
| 016/17 | Styringsdokument (kap1, 3 og 4) |
| 017/17 | Framlegg om utsetjing av allmenn taksering etter eigedomsskattelova |
| 018/17 | Melding/orientering til fellesnemnda 06.11.2017 |

30. oktober 2017

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 013/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------------------|------------|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | 17/3204 |

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 014/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------------------|------------|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | 17/3204 |

Godkjenning av møteprotokoll frå 02.10.2017

Vedlegg:

Protokoll - Fellesnemnd - 02.10.2017

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll for Fellesnemnd

Møtedato: 02.10.2017
Møtestad: Alver hotell
Møtetid: 13:00 - 14:15

Fellesnemnda har arbeidsseminar om styringsdokumentet kl. 09.00 – 12.00 (sjå vedlegg)
Lunsj kl. 12:00. Ordinært møte startar kl. 13:00

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------------|--------|------------|
| Jon Askeland | Radøy | Medlem |
| Jostein Borlaug | Radøy | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | Radøy | Medlem |
| May Britt Vågenes Gjerde | Radøy | Medlem |
| Øyvind Oddekalv | Meland | Utvalseiar |
| Nils Marton Aadland | Meland | Medlem |
| Sølvi Knudsen | Meland | Medlem |
| Anne Grete Eide | Meland | Medlem |
| Marit Jøssang | Meland | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes | Lindås | Nestleiar |
| Leif Hosøy Sleire | Lindås | Medlem |
| Asle Hetlebakke | Lindås | Medlem |
| Nina Bognøy | Lindås | Medlem |
| Ståle Juvik Hauge | Lindås | Medlem |
| Anna K.Valle | Lindås | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås | Lindås | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---------------------------|--------|--------|
| Kenneth Murberg | Radøy | Medlem |
| Øyvind Bratshaug | Meland | Medlem |
| Bjarte Vatnøy | Lindås | Medlem |
| Karl Vågstøl | Lindås | Medlem |
| Sveinung Toft | Lindås | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|--------------------------|--------|------------------|
| Normann Sæbø | Radøy | Kenneth Murberg |
| Øystein Reidar Moldeklev | Lindås | Bjarte Vatnøy |
| Ingrid J.Fjeldsbø | Lindås | Karl Vågstøl |
| Peder Jøsendal | Lindås | Sveinung Toft |

Følgjande frå administrasjonen møte:

Jarle Landås-rådmann Radøy, Martin W Kullid-rådmann Meland, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------|---|
| 007/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 008/17 | Godkjenning av møteprotokoll frå 05.09.2017 |
| 009/17 | Val - partsamansett utval (PSU) |
| 010/17 | Val - kyrkjeleg fellesnemnd |
| 011/17 | Interkommunal plan for sjøareal |
| 012/17 | Melding/orientering fellesnemnda 02.10.2017 |

007/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

02.10.2017 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 007/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent.

008/17: Godkjenning av møteprotokoll frå 05.09.2017

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

02.10.2017 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 008/17 VEDTAK:

Møteprotokollen frå 05.09.2017 er godkjent.

009/17: Val - partsamansett utval (PSU)

Framlegg til vedtak

Framlegg frå valnemnda vert lagt fram i møtet

02.10.2017 FELLESNEMND

Innstilling frå valnemnda vart sendt ut i forkant av møtet:

I framlegg til mandat og reglement for fellesnemnda står det i pkt. 2-5 at det skal opprettast eit partssamansett utval der arbeidsgjevar sida skal vere representert av m.a. to valte medlemmer frå fellesnemnda (i tillegg til leiar i fellesnemnda og programansvarleg/rådmann).

Valnemnda drøfta saka og gjer følgjande framlegg;

Medlemer:

Jon Askeland, Astrid Aarhus Byrknes (nestleiar)

Valnemnda gjer framlegg om at leiar i fellesnemnda, Øyvind Oddekalv óg vert leiar i PSU.

Varamedlemer:

- 1. Nils Marton Aadland*
- 2. Nina Bognøy*
- 3. Jostein Borlaug*

Valnemnda si vurdering er at PSU er eit svært viktig utval, og at det er naturleg at ordførarane utgjer fellesnemnda sine medlemmer i utvalet. Desse utgjer og saksførebuande utval og ein vil med dette framlegget sikra jamnbyrdig representasjon frå dei tre kommunane og kontinuitet i arbeidet i utvalet.

Torsdag 28.september utpeikte HTV-gruppa frå alle tre kommunar følgjande:

Koordinerande HTV:

Jarle Næss, HTV UDF Lindås med vara Liv Berit Haukås, HTV FF Lindås

Partssamansett utval:

Liv Berit Haukås, HTV FF Lindås med vara Rosalind G Instebø, HTV FF Radøy
Jarle Næss, HTV UDF Lindås med vara Elisabeth Bygstad, HTV UDF Radøy
Anita Dale, HTV FF Meland med vara Elisabeth Øye Halle, HTV NSF Lindås
Torill Helland, HVO Radøy vara Åshild A Engen, HVO Meland

Framlegget får valnemnda vart samrøystes vedteke.

FN - 009/17 VEDTAK:

Partsamansett utval (PSU)

Øyvind Oddekalv - leiar

Astrid Aarhus Byrknes - nestleiar

Jon Askeland - medlem

Varamedlemer:

- 1. Nils Marton Aadland*
- 2. Nina Bognøy*
- 3. Jostein Borlaug*

Medlem - Liv Berit Haukås, HTV FF Lindås med vara Rosalind G Instebø, HTV FF Radøy
Medlem - Jarle Næss, HTV UDF Lindås med vara Elisabeth Bygstad, HTV UDF Radøy
Medlem - Anita Dale, HTV FF Meland med vara Elisabeth Øye Halle, HTV NSF Lindås
Medlem - Torill Helland, HVO Radøy vara Åshild A Engen, HVO Meland

Koordinerande HTV:

Jarle Næss, HTV UDF Lindås med vara Liv Berit Haukås, HTV FF Lindås.

010/17: Val - kyrkjeleg fellesnemnd

Framlegg frå valnemnda vert lagt fram i møtet.

02.10.2017 Fellesnemnd

Framlegg frå valnemnda vart sendt ut i forkant av møtet:

Fellesnemnda skal velje ein kommunal representant som skal vere medlem i den kyrkjelege fellesnemnda. I rettleiaren for kommunesamanslåingar som KA (Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter) har gitt ut, blir det tilrådd at denne representanten er eitt av medlemmene i den kommunale fellesnemnda. Dette for å lette informasjonsflyten mellom kommune og kyrkje i prosjektperioden. I førebauende fellesnemnd-perioden vart det og valt to vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje.

Valnemnda gjer framlegg om følgjande representantar i kyrkjeleg fellesnemnd;

Bjarte Vatnøy (medlem)

- 1. Sølvi Knudsen (varamedlem)*
- 2. May Britt Gjerde (varamedlem)*

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 010/17 VEDTAK:

Kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd:

Bjarte Vatnøy - medlem

1. Sølvi Knudsen - varamedlem
2. May Britt Gjerde - varamedlem

011/17: Interkommunal plan for sjøareal

Framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

02.10.2017 Fellesnemnd

Framlegg frå N.Bognøy - Lindås Ap:

Fellesnemnda tek saka til orientering.

Fellesnemnda bed ordførarane ta kontakt med Fylkesmannen for dialog vedrørandede interkommunal plan for sjøareal. Ordførarane orienterar regionrådet i saka.

Ordførarane orienterar fellesnemnda i møte 6.november om vidare gang i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 011/17 VEDTAK:

Fellesnemnda tek saka til orientering.

Fellesnemnda bed ordførarane ta kontakt med Fylkesmannen for dialog vedrørandede interkommunal plan for sjøareal. Ordførarane orienterar regionrådet i saka.

Ordførarane orienterar fellesnemnda i møte 6.november om vidare gang i saka.

012/17: Melding/orientering fellesnemnda 02.10.2017

Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

02.10.2017 Fellesnemnd**Meldingar/orienteringar:**

- Pågåande prosjekt – status
- Næringsseminar
- Skriv frå Claus Sellevold
- Skriv frå Høgre

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 012/17 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 015/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Øyvind Oddekalv | 17/2868 |

Innplassering av rådmenn i Alver kommune

Framlegg til vedtak

Innstilling frå tilsetjingsutvalet vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

På møtet i fellesnemnda 2. september 2017, i sak 006/2017, vart det vedtatt å starte opp ein prosess med innplassering av rådmennene i Lindås, Meland og Radøy i nye Alver kommune. Det vart og vedtatt at ein av rådmennen skal innplasserast som ny rådmann, og at det skulle hentast inn ekstern kompetanse som bistand i prosessen.

I mandatet til fellesnemnda står det i pkt. 5 at den nye rådmannen og skal vere programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. I same punkt står det at ordførarane og koordinerande tillitsvalt skal vere tilsetjingsutval. I prosessen med innplassering av rådmennene har tilsetjingsutvalet knytta til seg rekrutteringsselskapet Visindi AS, etter ein tilbodsrunde der to selskap vart inviterte til å komme med tilbod.

Prosessen med innplassering av rådmennene vil avsluttast innan utgangen av veke 44 og representantar frå Visindi AS vil delta på møtet i fellesnemnda. Innstillinga frå tilsetjingsutvalet vil bli lagt fram i møtet.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 016/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Ørjan Raknes Forthun | 17/1868 |

Styringsdokument (kap1, 3 og 4)

Vedlegg


Styringsdokument ALVER KOMMUNE utkast 30. oktober 2017

Framlegg til vedtak

Fellesnemnda godkjenner kap. 1,3 og 4 slik det går fram av vedlegg til saka. Fellesnemnda vedtek styringsdokumentet som heilskap 2. desember 2017.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda.



ALVER KOMMUNE

**Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing.
Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune.**

**Utkast pr. 30. september 2017
Til møte i Fellesnemnda 6. november 2017
Godkjenning av kap. 1,3 og 4**

Innhald

| | | |
|-------|--|----|
| 1 | Me skal bygge Alver kommune | 4 |
| 2 | Mål og suksesskriterier (Seminar i Fellesnemnda 6. november) | 5 |
| 3 | Prinsipp for programmet..... | 5 |
| 3.1 | Innleiing | 5 |
| 3.2 | Overordna prinsipp | 5 |
| 3.3 | Prinsipp for politisk programorganisering..... | 5 |
| 3.4 | Prinsipp for administrativ programorganisering..... | 5 |
| 3.5 | Hovudprosjekt med politisk styring..... | 6 |
| 3.6 | Prinsipp for involvering av dei tilsette..... | 6 |
| 4 | Roller og ansvar i programmet..... | 7 |
| 4.1 | Kommunestyra | 7 |
| 4.2 | Fellesnemnda | 7 |
| 4.3 | Saksførebuande utval (SFU) | 8 |
| 4.4 | Valnemnd og tilsettingsutval..... | 8 |
| 4.4.1 | Valnemnd | 8 |
| 4.4.2 | Tilsettingsutval (innplassering av eksisterande rådmenn i ny kommune) | 8 |
| 4.5 | Partsamansett utval | 8 |
| 4.6 | Verneombodutval..... | 9 |
| 4.7 | Programansvarleg..... | 9 |
| 4.8 | Programkontor | 9 |
| 4.9 | Politiske hovudprosjekt..... | 9 |
| 4.10 | Hovudprosjekt med politisk styring..... | 9 |
| 4.11 | Hovudprosjekt med administrativ styring..... | 9 |
| 4.12 | Delprosjekt | 10 |
| 4.13 | Programstyrings- og rapporteringsmekanismar | 10 |
| 5 | Framdrift og milepælar i programmet | 10 |
| 6 | Budsjett (Fellesnemnda 6. november/2. desember) | 10 |
| 7 | Risikostyring (Seminar Fellesnemnda 6. november) | 10 |
| 8 | Kommunikasjonsstrategi (Eige dokument) | 10 |
| 9 | Vedlegg 1: Prosjekt i programmet (NB! Ikkje ein del av vedtaket 6. november 2017)..... | 11 |
| 9.1 | Politiske hovudprosjekt..... | 11 |
| 9.1.1 | Politisk organisering og lokaldemokrati | 11 |
| 9.1.2 | Identitet, symbol og felles kultur | 11 |

| | | |
|-------|---|----|
| 9.1.3 | Valstyre kommuneval 2019..... | 11 |
| 9.2 | Hovudprosjekt med politisk styring..... | 11 |
| 9.2.1 | Samfunnsutvikling | 12 |
| 9.2.2 | Arbeidsgjevarpolitikk..... | 12 |
| 9.2.3 | Interkommunalt samarbeid og eigarskap | 12 |
| 9.2.4 | Økonomisk politikk og handlingsreglar | 12 |
| 9.2.5 | Kommunikasjon..... | 13 |

1 Me skal bygge Alver kommune

Alver kommune med ca. 30 000 innbyggjarar i 2020 vil stå sterkare for å løyse dei lokale utfordringane enn dei eksisterande kommunane kvar for seg. Radøy, Meland og Lindås er sterkt integrert med omsyn til mellom anna næringsliv, bu- og arbeidsmarknad, handel og kulturliv. Ein samanslått kommune vil ha betre føresetnader for å skape vidare utvikling i området.

Frå intensjonsavtala ligg følgjande verdiar, mål og prinsipp til grunn for samanslåinga:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

I løpet av to og eit halvt år skal tre kommunar skal avviklast og ein ny kommune skal byggast. I denne perioden og vidare skal innbyggjarane få forsvarlege teneste heile tida. Dei neste 4 åra skal samanslåing og drift handterast med nær same tal tilsette som i dag. Dette fordrar ein robust organisering av samanslåingsarbeidet. Ein viktig del av dette blir å sørgje for ein vellykka integrasjon mellom kommunane som organisasjon og ein god prosess og omstilling for dei tilsette.

Samanslåingsarbeidet vert organisert som ein program. Eit program er ein samling av prosjekt med felles overordna mål. Dette vil best ivareta kompleksiteten i ein samanslåingsprosess og legge til rette for brei involvering frå leiing, medarbeidarar og deira tillitsvalde samtidig som nødvendig overordna styring vert teke i vare. Programmet er utarbeida på grunnlag av prosessen i førebuande fellesnemnd våren 2016, sentrale rettleiarar, systematiserte erfaringar frå tidligare samanslåingsprosessar og samanslåingsprosjekt som er i prosess no. Fellesnemnda er programeigar.

Programeigar er den endelege ansvarlege for programmet. Rolla til programeigar er å sikre at programmet gjennom heile perioden er fokusert på å nå måla og levere ein kommune som vil kunne ta ut gevinstar på kvalitet og økonomi. Programeigar må sikre at programmet sikrar ein kostnadsbevisst tilnærming til programmet og balansere krav frå innbyggjarar, tilsette, myndigheiter og andre i omgjevnadene.

Styringsdokumentet for programmet må sjåast i samanheng med mellom andre følgjande dokument:

- Intensjonsavtale mellom Radøy, Meland og Lindås kommunar.
- Mandat og retningslinjer for fellesnemnda
- Omstillingsavtale
- Prosjektplan for hovudprosjekta (vert utarbeida løpande i programperioden)

2 Mål og suksesskriterier (Seminar i Fellesnemnda 6. november)

3 Prinsipp for programmet

3.1 Innleiing

Fellesnemnda har det overordna ansvaret for etablering av Alver kommune. Fellesnemnda skal styre prosessen og fatte nødvendige vedtak Dette krev at fellesnemnda vert løpande orientert om framdrift og status i prosessen. Fellesnemnda har vidare ansvar for å informere og involvere dei andre politikarane i sine kommunestyre og ha ein løpande dialog med innbyggjarar, nærings- og samfunnsliv.

3.2 Overordna prinsipp

- Arbeidet vert regulert av Inndelingslova med tilhørande forskrifter.
- Intensjonsavtalen er førande for arbeidet.
- Sentralt utviklede rettleiarar ligg til grunn for programmet og gjennomføring av dette.
- Programmet skal sikre:
 - Klare ansvarsforhold mellom kommunane og program og mellom program, hovudprosjekt, arbeidsutval og linje i alle fasar av samanslåingsprosessen.
 - Tydelig skilje mellom politiske og administrative oppgåver i samanslåingsprosessen og områder der det er behov for samhandling.
 - Brukarmedverknad i prosjekt som direkte gjeld innbyggjarane.
 - Gevinstrealisering i alle fasar av prosessen.
- Samanslåingsprogrammet skal bestå av tre ulike grupper av prosjekt:
 - Politiske hovudprosjekt.
 - Hovudprosjekt med politisk styring
 - Hovudprosjekt med administrativ styring

3.3 Prinsipp for politisk programorganisering

- Fellesnemnda er programeigar.
- Representasjon i arbeidsgrupper skal så langt mulig settast saman med likevekt mellom kommunane. Det er viktig å engasjere breidt blant fellesnemndas medlemmer.
- Det vert stilt administrativ ressursar til disposisjon for de politiske arbeidsgruppene.
- Arbeidet med å slutføre politisk struktur er prioritert. Utgangspunktet ligg i intensjonsavtala.
- Arbeidsgruppene i dei politiske hovudprosjekta rapporterer til fellesnemnda.

3.4 Prinsipp for administrativ programorganisering

- Føringar frå intensjonsavtalens ligg til grunn for arbeidet i den administrative programorganisasjonen.
- Det vert etablert eigne hovudprosjekt med eigen hovudprosjektleiarar for alle område/tema som vert omfatta av samanslåingsprosessen. Desse rapporterer til programleiar.
- Det vert stilt administrative ressursar til rådighet for prosjekta. Dette kan ivareta kast av prosjektleiar sjølv. Frikjøp eller annen kompensasjon vert vurdert.

- Eksterne vert brukt til faglege aspekt knytt til program-/prosjektleiing. Konsulentar vert brukt når kommunane sjølv ikkje har nødvendig kompetanse tilgjengeleg.
- Prosjektgruppene vert sett saman med vekt på fagkompetanse og balanse i representasjon frå kommunane.
- Hovudprosjekta kan sette ned delprosjekt.

(NB! Det vil vere ein samanheng mellom prosjektstruktur og administrativ organisering av Alver kommune. Programleiinga vil bli lagt til rådmannen sin leiargruppe, medan leiarnivået under leiargruppa vil bli prosjektleiarar for hovudprosjekt. Når det er klart kven som blir ny rådmann/programansvarleg vil arbeidet med administrativ organisering starte.)

3.5 Hovudprosjekt med politisk styring


- Gjeld prosjekt som krev politisk prinsipielle avgjerder. Desse avgjerdene vert handsamma i fellesnemnda i eigne saker.
- Elles gjeld føringane som for anna prosjektorganisering i dette dokumentet.

3.6 Prinsipp for involvering av dei tilsette

(Vert handsama i fellesnemnda 2. desember etter handsaming i PSU)

4 Roller og ansvar i programmet

Figuren under viser ein enkel prinsippsskisse for programorganiseringa. Blå boksar er politikk og oransje boksar er administrasjon. Dei to skarverte boksane har medlemmer både frå politikk og administrasjon. Ei nærare skildring av roller og ansvar føl etter figuren.



4.1 Kommunestyra

Arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda som ikkje kjem fram direkte av Inndelingslova er fastsatt i eige reglement som er vedteke i alle kommunestyra. Jfr. Inndelingslova § 26 4. ledd. Kommunestyra vil i programperioden i nokre saker gjere vedtak etter tilråding frå fellesnemnda. Kommunestyret får informasjon frå arbeidet med bygging av ny kommune i kvart møte.

4.2 Fellesnemnda

Fellesnemnda:

- er programeigar.

- skal styre gjennomføringa av samanslåingsprogrammet.
- skal forberede kommunesamanslåinga og sikre nødvendig samordning mellom dei tre kommunane.
- sitt ansvar er regulert av Inndelingslova sine føresegner og mandat og reglement gitt av dei tre kommunestyra i likelydande vedtak.

4.3 Saksførebuande utval (SFU)

- Ordførarane er saksførebuande utval. Varaordførar trer inn ved forfall.
- Programansvarleg og rådmennene i dei eksisterande kommunane deltek i møta i utvalet.
- Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.

SFU:

- fastset agenda for møta og koordinerer sakene til fellesnemnda.
- kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd.

4.4 Valnemnd og tilsettingsutval

4.4.1 Valnemnd

- Fellesnemnda sett ned ein valnemnd.

Valnemnda:

- har ansvar for å kome med framlegg til kandidatar til politiske utval og politiske prosjektgrupper.
- kjem også med forslag til representantar til politiske hovudprosjekt.

4.4.2 Tilsettingsutval (innplassering av eksisterande rådmenn i ny kommune)

Ordførarane og koordinerande tillitsvalt er tilsettingsutval.

4.5 Partsamansett utval

- Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar.
- Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representantar frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.
- Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane.
- Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

PSU har følgjande oppgåver:

- PSU skal drøfte korleis dei tillitsvalde skal involverast på ein god måte i avgjerder og i prosessen.
- Uttale seg om overordna personalpolitikk eller arbeidsgjevarpolitikk (blant anna omstillingsdokumentet)
- Uttale seg om overordna personalstrategiar
- Uttale seg om arbeidsreglement
- Uttale seg om personalpolitiske retningslinjer
- Uttale seg om plansaker som omhandlar det overordna personalpolitiske området.

4.6 Verneombodutval

(Vert handsama i fellesnemnda 2. desember etter handsaming i PSU)

4.7 Programansvarleg

Programansvarleg-funksjonen vil bli tatt i vare på forskjellige måtar i dei ulike fasane av samanslåingsprosessen:

- Frem til rådmann for Alver er tilsett, vil dei tre rådmennene i Radøy, Meland og Lindås ivareta rolla som programansvarleg.
- Etter at rådmann for Alver kommune er tilsett vil denne overta som programansvarleg

Programansvarleg har følgjande ansvar og mynde etter delegering frå fellesnemnd:

(Kjem attende til etter delegeringsvedtak i fellesnemnda 2.12.17.)

4.8 Programkontor

Det vert etablert eit programkontor som vil vere ein viktig støttespiller for fellesnemnd, programansvarleg, utvalsleiarar og prosjektleiarar. Programkontoret skal ivareta følgjande i programorganiseringa:

- Stille tilstrekkelig kartleggings- og utredningskompetanse til rådighet for fellesnemnda og utvala.
- Ta i vare det løpande behovet for kommunikasjonsfagleg bistand i programmet. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med eige administrativt prosjekt. Kommunikasjonsfaglige ressursar vert stilt til rådighet for både fellesnemnda og programansvarleg.
- Fungere som politisk sekretariat
- Fungere som programstøtte:
 - Bidra i alt det praktiske rundt programorganisasjonen, inkludert metodebistand, programteknisk støtte (IKT) og merkantil støtte
 - Tilby kurs og opplæring i program- og prosjektstyring for prosjektleiarar, utvalsleiarar og prosjektmedarbeidarar
 - Utarbeide og vedlikehalde ein eigen programhandbok.

4.9 Politiske hovudprosjekt

- Dei politiske hovudprosjekta har ei direkte styringslinje til fellesnemnda.
- Det vert oppretta arbeidsutval med medlemmer frå fellesnemnda.
- Programkontoret gjev nødvendig støtte til arbeidsutvala.
- Arbeidsutvala gjer tilrådingar til fellesnemnda gjennom fleirtalsvedtak.

4.10 Hovudprosjekt med politisk styring

Politisk prinsipielle avgjerder vert lagt fram som saker i fellesnemnda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i hovudprosjektmandatet.

4.11 Hovudprosjekt med administrativ styring

- Hovudprosjekt kor alle avgjerder ligg innanfor generelle fullmakter/delegering gitt frå fellesnemnda til programansvarleg.
- Programansvarleg orienterer fellesnemnd om status og framdrift i hovudprosjekta.

4.12 Delprosjekt

- I større hovudprosjekt kan det opprettast delprosjekt.
- Delprosjekta vert gitt mandat som ligg innanfor det mandat som er gitt hovudprosjektet.
- Delprosjektleder rapporterer til aktuell prosjektleder.
- Prosjektleder er ansvarleg ovanfor programansvarleg.

4.13 Programstyrings- og rapporteringsmekanismer

Vert tatt ut av styringsdokumentet og vert lagt fram for fellesnemnda som eige sak.

5 Framdrift og milepælar i programmet

Framdrift og milepælar vert fastsett i prosjektmandata. Det vert utarbeida ein samla oversikt over alle prosjekt som vert rapportert til fellesnemnda.

6 Budsjett (Fellesnemnda 6. november/2. desember)

7 Risikostyring (Seminar Fellesnemnda 6. november)

8 Kommunikasjonsstrategi (Eige dokument)

9 Vedlegg 1: Prosjekt i programmet (NB! Ikkje ein del av vedtaket 6. november 2017)

9.1 Politiske hovudprosjekt

Det vert oppretta tre politiske hovudprosjekt:

- Politisk organisering
- Identitet, symbol og felles kultur
- Valnemnd kommuneval 2019

9.1.1 Politisk organisering og lokaldemokrati

Hovudstrukturen i den politiske organiseringa er omtalt i kap. 6 i intensjonsavtala. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Detaljert politisk organisering
Utarbeide forslag til politisk organisering under formannskap og hovudutval. (Partssamansette utval, brukarmedverknad og samhandlingsarena med dei frivillige, nærings- og samfunnsliv.)
- Utarbeide forslag til delegasjonsreglement frå kommunestyre til underliggende organ og til administrasjonssjefen.
- Utarbeide forslag til reglement for folkevalde organ og folkevalde sine arbeidsvilkår.

9.1.2 Identitet, symbol og felles kultur

Identitet til Alver kommune er viktig for innbyggjarar, tilsette, men også for verden rundt. Korleis kommunen står fram med symbol og handlingar er med å skape denne identiteten.

Kommunikasjonsstrategien vil si noko om korleis den nye kommunen skal arbeide med kulturelle- og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane. Grafisk profil, bruk av nye media og samhandling med dei frivillige er ein viktig del av dette. Hovudprosjektet får ansvaret for:

- Utarbeide forslag til ordførarkjede, kommunevåpen og eventuelt andre symbol for den nye kommunen.
- Utarbeide ein visjon for Alver kommune.
- Operasjonalisere kommunikasjonsplanens målsettingar for kulturelle og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane.
- Leie prosessen med ny grafisk profil.

9.1.3 Valstyre kommuneval 2019

I 2019 vert det første lokalvalet for den nye kommunen gjennomført. Partia må starte førebuingane til dette valet tidleg for å kunne forene tre kommunar i sine parti, i arbeidet med partiprogram og i nominasjonsprosessane. Gjennomføringa vil krevje god planlegging. Eit valstyre vert oppnemnd som ansvarlig for gjennomføringa av valet.

9.2 Hovudprosjekt med politisk styring

Det vert oppretta fire koordinerte hovudprosjekt:

- Samfunnsutvikling
- Arbeidsgjevarepolitikk
- Interkommunalt samarbeid og eigarskap
- Økonomisk politikk og handlingsregler

9.2.1 Samfunnsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling ar omtala med eigen underoverskrift i kapittel 7 i intensjonsavtala. Har vert det lagt nokre føringar for korleis dei tre kommunestyra tenkjer at den nye kommunen skal drive samfunnsutvikling. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Utarbeide utkast til planprogram for planstrategien for Alver kommune.
- Følgje opp konkrete tiltak for samfunnsutvikling og infrastruktur.
- Utvikle plan for samfunnssikkerheit og beredskap for Alver kommune

9.2.2 Arbeidsgjevarpolitikk

Kapittel 9 i intensjonsavtala legg føringar for Alver kommune som arbeidsgjevar. Ein ny kommune skal byggast og ein skal legge til rette for ein verksemdoverdraging av fire organisasjonar. En god og framtidretta arbeidsgjevarpolitikk gir eit felles verdigrunnlag for folkevalde, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde og er grunnlaget for at Alver kommune skal bli ein attraktiv arbeidsgjevar. Det er viktig å få ein overordna arbeidsgjevarpolitikk på plass så fort som mulig. Det same gjeld også ein omstillingsavtale med fagforeiningane. Arbeidet med innplassering og omplassering av personell vil komme i gang raskt etter at den administrative organiseringa er avklara. Den nye kommune må ha harmoniserte løns- og arbeidsvilkår samt at ein må forhandle fram nye særavtalar. Eit systematisk arbeid med kompetanseplanlegging og –utvikling skal på plass. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Utarbeide forslag til ein overordna arbeidsgjevarpolitisk plattform for Alver kommune.
- Utvikle en kompetansestrategi
- Organisasjonskulturelle og identitetsskapande tiltak for tilsette (saman med administrative sektorprosjekt)

9.2.3 Interkommunalt samarbeid og eigarskap

Dei eksisterande kommunane har fleire avtaler om interkommunalt samarbeid og har eigarskap i fleire IKS'ar og AS'ar. Dei tre gamle kommunane må seie desse opp og fellesnemnda må om ønskjeleg erstatte dei med nye avtaler. Nye vedtekter må vedtakast. Hovudprosjektet får ansvar for

- Kartlegging av alle avtaler, vedtekter og eigarskap som kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Utarbeide forslag for strategi for arbeidet med endring i interkommunalt samarbeid og eigarskap. Kva avtaler ein skal avvika og kva avtaler ein skal vidareføra.
- Initiere oppseiingar og reforhandlingar av avtaler og initiere endringar i vedtekter, inkludert dei økonomiske forpliktingane knytt til avtalene.
- Utarbeide eigarskapsstrategi form av ei eigarmelding.

9.2.4 Økonomisk politikk og handlingsreglar

Kapittel 8 i intensjonsavtalen handlar om økonomi og eigedomskatt i den nye kommunen. Økonomisk politikk og handlingsregler må få stor merksemd allereie tidleg i samanslåingsprosjektet. Hovudprosjektet skal:

- Utarbeide årlige budsjett/langtidsbudsjett for samanslåingsprosjektet frå 2017 til 2020.
- Informasjon om og drøfting av dei tre kommunenes budsjett og økonomiplanar.
- Utarbeide forslag til gevinstrealiseringsplan og handlingsreglar.
- Utarbeide forslag til finans- og økonomireglement.
- Utarbeide forslag til årsbudsjett og handlingsprogram 2020–2023.

9.2.5 Kommunikasjon

Kommunikasjon med tilsette, innbyggjarar og omgjevnadene er viktig i ein samanslåingsprosess. Det vert utarbeida ein eigen kommunikasjonsplan for prosjektet. God samhandling med de andre prosjektgruppene blir avgjerande for å lykkas med arbeidet. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Følgje opp kommunikasjonsplanen med kontinuerlig arbeid med informasjon og kommunikasjon, inkludert å støtte de andre arbeidsgruppene i sine oppgåver for måloppnåing av planen.
- Etablere ein heimeside for Alver kommune.
- Lage forslag til ein ny kommunikasjonsstrategi for Alver kommune gjeldande frå 01.01.2020.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 017/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Eirik Schütz | 17/2428 |

Framlegg om utsetjing av allmenn taksering etter eigedomsskattelova

Framlegg til vedtak

«Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli avhalden ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i fellesnemnda.
Saka skal avgjerast i kommunestyra.

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har alle innført og skriv ut eigedomsskatt.

I forbindelse med den årlege budsjetthandsaminga fastsett kommunestyra kvart år om det skal skrivast ut eigedomsskatt, kva skattealternativ som skal anvendast og hvilken skattesats som skal gjelde for det kommande skatteåret, jf. eigedomsskattelova paragraf 10.

For skatteåret 2017 skriv **Lindås** kommune ut eigedomsskatt på «verk og bruk» etter eigedomsskattelova paragraf 3 c). Skattesatsen er 7 promille.

Meland kommune skriv ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen etter eigedomsskattelova paragraf 3 a). Den generelle skattesatsen er 7 promille, men for bustadeigedomar, fritidseigedomar og ubygdde eigedomar til bustad- og fritidsføremål, er det med heimel i eigedomsskattelova paragraf 12 vedteke ein redusert skattesats på 3,5

promille.

Radøy kommune skriv også ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen etter eigedomsskattelova paragraf 3 a). Den generelle skattesatsen er 7 promille på «verk og bruk» og næringseigedomar og 3 promille på bustad og fritidseigedomar.

Etter intensjonsavtalen som ligg til grunn for kommunesamanslåinga, skal ikkje bustadeigedomar, fritidseigedomar, samt ubygde eigedomar til bustad- og fritidsføremål svara eigedomsskatt i nye Alver kommune.

Etter hovudregelen skal det kvart tiande år vere ein allmenn taksering i kommunane. Dette følger av eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2). Etter hovedregelen skal ny allmenn taksering avhaldast og gjerast gjeldende frå og med skatteåret 2018 i Lindås kommune og frå og med skatteåret 2019 i Meland og Radøy kommune.

Det er likevel slik at dei respektive kommunestyra kan gjere unntak frå denne hovudregelen.

Dei relevante bestemmelsene i eigedomsskattelova når det gjeld dette, er som følgjar:

- **Hovedregel** – esktl. paragraf 8 A-3 (2)

«Det skal vere ein allmenn taksering i Kommunen kvart tiande år.»

- **Unntak 1** – esktl. paragraf 8 A-3 (2) – (Utsatt taksering)

«Dersom det ligg føre særlege tilhøve, kan kommunestyret avgjere at ny taksering skal skje tidlegare eller seinare enn dette, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd.»

Utsett ein ny allmenntaksering etter dette alternativet, vil utskrivning av eigedomsskatt for det 11. året skje med gjeta utgangspunkt i takstane frå det foregående året ved nesteDen

- **Unntak 2** – esktl. paragraf 8 A-4 (Kontorjustering)

«I staden for ny allmenn taksering kan kommunestyret gjere vedtak om auke av det verdet (taksten) som eigedommen blei sett til ved den siste allmenne takseringa for utskrivning av eigedomsskatt. Auka kan skje stegvis over fleire år, men må ikkje vere meir enn 10 prosent av det opphavelege skattegrunnlaget for kvart år etter 10-årsfristen for den siste allmenne takseringa.»

Det er ingen begrensning i kor mange år på rad ein kommune kan foreta kontormessig oppjustering av takstane, men kommunen/nemnda må sørge for at ingen takstar overstiger antatt omsetningsverdi i det enkelte året som takstene blir

oppjustert for.

Ønskjer ikkje kommunestyret å foreta kontormessig oppjustering i det fjortande året eller påfølgende år, må nye takstar nyttast for utskriving av eigedomsskatt.

Kvar einskild kommune må i eigne budsjettvedtak avgjere om dei vil utsetje den allmenne takseringa etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) eller foreta kontorjustering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-4, jf. ovenfor.

I samband med regjeringas framlegg til statsbudsjett for 2018, er det foreslått store endringar i eigedomsskatten, særleg knytta til beskatning av «verk og bruk». Konsekvensane dersom dei foreslåtte endringane blir vedteken, vil kunne få verknad for budsjettvedtaket i den einskilde kommunen.

Om det blir vedteken endringar eller i hvilket omfang desse vil bli gjort gjeldande, blir ikkje endeleg avklart før 15. desember 2017. Eventuelle endringer i eigedomsskattelova og endringane sine konsekvensar for den enkelte kommunes takseringsarbeid, er derfor ikkje hensyntatt i denne saksfremstillinga.

Vurdering

Kommunane Lindås, Meland og Radøy ligg alle inne med ny allmenn taksering før samanslåinga til nye Alver kommune frå 1. januar 2020.

Dei ulike kommunestyra må avgjere om deira kommune skal avhalde ny allmenn taksering i henhold til hovedregelen eller om ny allmenn taksering skal utsettast til etter samanslåinga, jf. dei to alternativa som er vist til.

Administrasjonen meiner det er uheldig om dei einskilde kommunane kvar for seg iverksett ny allmenn taksering før samanslåinga i 2020. Det ligg betydelege fordelar i, og det er fleire gode grunner til å avvente ny allmenn taksering til etter samanslåinga.

Skattegrunnlag/takstgrunnlag/taksator- einsretting/likebehandling

I dag har dei einskilde kommunane ulikt utskrivningsgrunnlag og ulike skattesatsar. Etter intensjonsavtalen skal ikkje bustad og fritidseigedomar og eigedom avsett til slike føremål svare eigedomsskatt i nye Alver kommune. Man står da igjen med utskriving av eigedomsskatt på «verk og bruk», jamvel om avtala ikkje stengjar for også å skattlegge næringsseigedomar. Det vil vere ein betydelig fordel om ein ny allmen taksering begrensar seg til å omhandle det skattegrunnlaget som skal gjelde for nye Alver kommune, sjå neanfor.

Utsetter ein den allmenne taksertakseringa til etter samanslåinga, vil ikkje takseringa berre bygge på sams utskrivningsalternativ og sams skattesats, men også på felles takstvedtekter og felles retningslinjer for taksering.

Ved felles takst vil ein også ha moglegheit til å nytta ein taksator/eit taksatorfirma til taksering

av skatteobjekta. Eigedomsskatten i den nye kommunen vil då bygge på eit einsretta og likt takstnivå, som igjen vil sikre likebehandling av skatteobjekta.

Meirkostnader ved fleire allmenne takseringar

Det vil ligge ein økonomisk gevinst i å utføre ein allmenn taksering etter eit fastsatt skattealternativ i den nye kommunen.

Om kvar kommune avheld eige allmenn taksering, vil takseringane omhandle ulike utskrivingsalternativ og ein vil ha brukt betydelige resursar på å taksere skatteobjekt som ikkje er tiltenk skattlegging i den nye kommunen, slik som bustad- og fritidseigedomar og grunnareal til slike føremål.

Sjølv om det er gjeven overgangsorsningar, vil ein slik løysing også innebere at det uansett må gjennomførast ein ny allmenne taksering i den nye kommunen for ein samordning.

Ein mellombels allmentaksering av den enkelte kommunen vil uansett gje begrenset økonomisk gevinst, i tillegg vil det føre til eit betydeleg antall klagesakar som dei einskilde kommunane vil mått bruke betydelege ressurser på å behandle. Klagesakar knytt til bustad og fritidseigedom, vil då følgje ved inn i den nye kommuna sjølv om denne ikkje skattlegg bustad- og fritidseigedom.

Økt antall klagesaker/prosessrisiko

Fra Statoil vil kommunane garantert møte omkamp ved ein ny allmenn taksering. Også andre tunge aktører innan olje- og gassnæringa, og for så vidt andre store næringsvirksæmdar, viser no større vilje enn tidligare til å utfordre takstgrunnlagene.

Det kan i den samanheng visast til Høgsteretts dom inntatt i HR-2017-1258-A, kor Høgsterett fastslår at den ikkje bare kan prøve gyldigheten av takstane, men også konkret gå inn og endre takstgrunnlaget, noko som med stor sannsynlegvis vil føre til økt prosessvilje hos skatteytarane.

Ein ny hovedtaksering vil difor med stor sikkerhet lede til omfattende klage- og rettsprosesser som vil legge bånd på store ressurser hos den einskilde kommune i ein periode kor fokus bør vere retta mot gjennomføring av kommunesamanslåinga, som allereie er kommen i tidsskvis.

Det er og praktisk at denne utfordringen møtes av nye Alver kommune. På den måten unngår en å dra med seg uavklarte rettslege prosessar frå dei einskilde kommunane inn i den nye kommunen.

Uheldege vinklingar frå media

En gjennomføring av ny allmenntaksering så tett opp mot samanslåinga vil og gje fare for uheldege vinklingar i media, noko som er lite ønskeleg.

Usikkert om gevinst

Det er samstundes usikkert om ein ny allmenn taksering vil gje skattemessig gevinst, særleg i høve «verk og bruk» då det for desse skal gjerast fråtrekk for slit og elde gjennom åra som har gått siden forrige allmenne taksering.

Budsjettvurderinger – Kommunestyret i Alver kommune

Ny allmenn taksering etter samanslåinga vil gje takstar med utgangspunkt i felles takstprinsipp, samme taksator og etter eit utskrivingsalternativ og ein skattesats som er innretta etter budsjettvurderingane til det nye kommunestyret i Alver kommune.

Det er ein klar fordel at den nye allmenne takseringen som skal gjelde for Alver kommune bygger på det nye kommunestyrets budsjettvurderinger.

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-------------|------|------------|
| 018/17 | Fellesnemnd | PS | 06.11.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Ørjan Raknes Forthun | 17/1868 |

Melding/orientering til fellesnemnda 06.11.2017

Vedlegg:

Mandat felles identitet, symboler og felles kultur utkast pr 30. oktober
Mandat arbeidsgjevarpolitikk utkast pr. 30. oktober
Styringsdokument ALVER KOMMUNE seminar 6. november 2017 kap 2 og 7

Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar:

- Pågåande prosjekt – status
 - Felles beredskapsplan
 - Kommunikasjon
 - IKT
 - Lønn og rekneskap
 - Barnevern
- Budsjett 2018 – 2020 - status
- Mandat – identitet, symbol og felles kultur (sjå vedlegg – vedtak 02.12.17)
- Mandat – arbeidsgjevarpolitikk (sjå vedlegg – vedtak 02.12.17)
- Omstillingsavtale – status/framdrift
- Reglement prosjektstyring (eige sak 02.12.17)
- Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda (eige sak 02.12.17)
- Lokaldemokratiundersøking
- Informasjon om seminar om næringsutvikling frå utval nedsett i førebuande fellesnemnd 8. mai 2017.

Prosjektmandat
Politiske hovudprosjekt
Identitet, symbol og felles kultur

Utkast pr. 30. oktober.

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for politisk hovudprosjekt: Identitet, symbol og felles kultur.

Mandatet er godkjend av fellesnemnda og utarbeidet med bakgrunn i føringane i intensjonsavtalen og styringsdokumentet. Mandatet skal gi ein tydeleg skildring av oppdraget og prinsipp for gjennomføring.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

Intensjonsavtala har eit eige kapittel med overskrifta «Visjon»:

«Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.

Me byggjer ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Me skal rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet. Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur. Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.

Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggerane sin felles identitet, ivaretek lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget. Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.

Under 3. Verdjar, mål og prinsipp står det mellom anna følgjande:

- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.

Det same er gjentatt i kapittel 5. Den nye kommunen – namn, organisering og styring:

«Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i regionen.»

2.2. Styringsdokument

Dette prosjektet ligg i prosjektoversikten i styringsdokumentet.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

Det er ikkje gjort vedtak i fellesnemnda knytt til dette prosjektet.

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1. Hovudmål

Utarbeide symbol og visjon for Alver kommune og program for kultur og identitetsskapande aktiviteter.

3.2. Resultatmål

- Utarbeide forslag til ordførarkjede, kommunevåpen og eventuelt andre symbol for den nye kommunen.
- Operasjonalisere kommunikasjonsplanens målsettingar for kulturelle og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane. (Når kommunikasjonsplanen er vedteken våren 2018)

3.3. Effektmål

- Etablere ein medvit om Alver kommune blant innbyggjarar og andre i Alver kommune.
- Etablere ein medvit om Alver kommune utanom Alver kommune.
- Etablere ein felles identitet og kultur i Alver kommune.

3.4. Avgrensingar

Dette prosjektet skal ikkje handtera følgjande tema:

- Leie prosessen med ny grafisk profil. Dette vil vere eit av tiltaka i kommunikasjonsplanen.
- Visjon og verdiar for Alver kommune. Dette vil vere hovudprosjekt med politisk styring med god involvering frå dei tilsette.

4. Organisering

4.1. Politisk styringsgruppe

Fellesnemnda

4.2. Prosjektgruppe

Leiar frå fellesnemnda
Nestleiar frå fellesnemnda
Tre medlemmer frå fellesnemnda

4.3. Referansegrupper

- Kultursjefar i Radøy, Meland og Lindås
- Historielag
- Kulturråd/idrettsråd
- Nordhordland næringslag
- Andre

4.4. Administrativ støtte til prosjektet

Politisk sekretariat – dette er ikkje på plass ennå

5. Framdrift

| | 2017 | | 2018 | | | | 2019 | | | |
|---|------|----|------|----|----|----|------|----|----|----|
| Prosjektaktiviteter | Q3 | Q4 | Q1 | Q2 | Q3 | Q4 | Q1 | Q2 | Q3 | Q4 |
| Kommunevåpen | | | | | | | | | | |
| Ordførarkjede | | | | | | | | | | |
| Kulturelle og identitetsskapande tiltak | | | | | | | | | | |

Denne framdriftsplanen er ikkje til hinder for å gjennomføre kulturelle og identitetsskapande tiltak før tredje kvartal 2018 og utanom dette prosjektet. Framdriftsplanen ovanfor legg til grunn at tiltaka det ver arbeida med i dette prosjektet er forankra gjennom vedtak av kommunikasjonsplan i andre kvartal 2018.

Prosjektet utarbeider ein meir detaljert framdriftsplan i prosjektplanen.

6. Budsjett

Overordna budsjett for samanslåinga er ikkje vedteke ennå. Budsjett for dette prosjektet vert å innarbeide der med vedtak i fellesnemnda 2. desember.

7. Risiko

Vert drøfta og utarbeida i første møte i prosjektgruppa og lagt inn prosjektplanen.

Prosjektmandat
Hovudprosjekt med politisk styring
Arbeidsgjevarpolitikk

Utkast pr. 30. oktober.

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for hovudprosjekt med politisk styring: Arbeidsgjevarpolitikk

Mandatet er godkjend av fellesnemnda og utarbeidet med bakgrunn i føringane i intensjonsavtalen og styringsdokumentet. Mandatet skal gi ein tydeleg skildring av oppdraget og prinsipp for gjennomføring.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

Intensjonsavtala har eit eige kapittel med overskrifta «Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar»:

«Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad frå dei tilsette og deira organisasjonar på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Å byggja ein ny kommune er juridisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk (AML § 14)

Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si (AML § 14, HTA § 3.4.1).
- Prosessane skal pregast av openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Det skal, i samsvar med lov- og avtaleverk, lagast ein omstillingsavtale i samhandling mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
- Det skal gjennomførast informasjonsmøte, drøftingsmøte og høyringar i samband med intensjonsdokumentet og prosessen.»

Under 3. Verdier, mål og prinsipp står det mellom anna følgjande:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.

I kapittel 7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse står det følgjande under overskrifta «Prinsipp for kompetanse»:

«Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikert til spesialfunksjonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass. Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.»

2.2. Styringsdokument

Dette prosjektet ligg i prosjektoversikten i styringsdokumentet.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

Det er ikkje gjort vedtak i fellesnemnda knytt til dette prosjektet.

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1. Hovudmål

Utarbeide arbeidsgjevarpolitikk for Alver kommune

3.2. Resultatmål

- Utarbeide overordna arbeidsgjevarpolitikk for Alver kommune
- Utarbeide lønspolitisk plan
- Utarbeide strategisk kompetanseplan
- Utarbeide livsfasepolitikk
- Anna utdjuving av overordna arbeidsgjevarpolitikk

3.3. Effektmål

- gjøre kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar som klarer å rekruttere, utvikle og holde på medarbeidarar som trives med å løyse kommunen sine utfordringar og oppgåver.

3.4. Avgrensingar

Dette prosjektet skal ikkje handtera følgjande tema:

- Utarbeide personalpolitikk som er delegert til rådmannen å fastsette.
- Harmonisering av lønn.

4. Organisering

4.1. Politisk styringsgruppe

Partsamansett utval

4.2. Prosjektgruppe

Leiar Vert å kome attende til.

Medlemmer To administrative medlemmer i tillegg til leiar. Vert å kome attende til.

Tre tillitsvalde.

4.3. Referansegrupper

- HTV i Radøy, Meland og Lindås
- Andre

4.4. Administrativ støtte til prosjektet

Sakshandsamar/merkantil frå kommunane

5. Framdrift

| | 2017 | | 2018 | | | | 2019 | | | |
|------------------------------|------|----|------|----|----|----|------|----|----|----|
| Prosjektaktiviteter | Q3 | Q4 | Q1 | Q2 | Q3 | Q4 | Q1 | Q2 | Q3 | Q4 |
| Overordna arbeidsgjevpolitik | | | | | | | | | | |
| Kompetanseplan | | | | | | | | | | |
| Lønnspolitisk plan | | | | | | | | | | |
| Livsfasepolitikk | | | | | | | | | | |


Prosjektet utarbeider ein meir detaljert framdriftsplan i en prosjektplan.

6. Budsjett

Overordna budsjett for samanslåinga er ikkje vedteke ennå. Budsjett for dette prosjektet vert å innarbeide der med vedtak i fellesnemnda 2. desember.

7. Risiko

Vert drøfta og utarbeida i første møte i prosjektgruppa og lagt inn prosjektplan.



ALVER KOMMUNE

**Kap 2 og 7 i styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing.
Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune.**

Seminar 6. november 2017


Innhald

| | | |
|-----|---|---|
| 1 | Kap 2 Mål og suksesskriterier..... | 3 |
| 2 | Oppgaver | 5 |
| 2.1 | Hovudmålsetting (15 min)..... | 5 |
| 2.2 | Resultatmål (20 min) | 5 |
| 2.3 | Suksesskriterier (20 min)..... | 5 |
| 2.4 | Utdjuping av suksesskriterier (45 min)..... | 5 |
| 2.5 | Risikostyring (20 min)..... | 5 |
| 3 | Kap 7 Risikostyring..... | 6 |

1 Kap 2 Mål og suksesskriterier

Mål og suksesskriteriene nedanfor er knytt til gjennomføringa av samanslåingsprosjektet og ikkje til dei mål ein politisk ønskjer for Alver kommune i framtida. Desse bør formulerast gjennom ein kommuneplanprosess for den nye kommunen. Det vert lagt opp til at samanslåingsprosjektet tek ansvar for å utarbeide utkast til planprogram for den første planstrategien som skal vedtakast i Alver kommune.

Det er kommunestyret i Alver kommune som skal arbeide med og vil få ansvar for måla for den nye kommunen. God gjennomføring av programmet for samanslåinga er avgjerande for at Alver kommune skal lykkast med å nå måla nedfelt i intensjonsavtala.



Utdjuping av suksesskriterier:

- Politisk eigarskap til og styring av prosessen
 - Utvikle ein tydelig visjon for den nye kommunen
 - Intensjonsavtalen er i stor grad eit resultat av en politisk initiert og gjennomført prosess. Politisk eigarskap til programmet vil sikre dei visjonar og mål som er nedfelt i intensjonsavtalen. Politisk deltaking underveis i prosessen vil gi bidrag og eigarskap til prosessen underveis, samt sikre felles grunnlagskunnskap til avgjerder i fellesnemnd.
 - Riktige avgjerder til rett tid.
 - Etablere en politisk struktur for Alver kommune.
- Ein effektiv og kompetent prosjektorganisasjon med tydelig rolle og mandat
 - Prosjektansvarleg vert tilsett så tidlig som mulig
 - Sikre tydelige rolleskildringar og mandat for alle organ og grupper på alle nivå i programorganisasjonen.
 - Eit program med realiserbare hovud- og delprosjekter
 - Den administrative organiseringa på plass tidlig i programmet.

- Toppleiargruppa for Alver kommune på plass med tydelig mandat for arbeidet i programmet.
- Sikre tilstrekkelig opplæring i alle ledd.
- Sikre gode planleggings- og rapporteringsverktøy

- God programstyring i forhold til ressursbruk og framdrift
 - Hovudprosjekt med avklarte ressursrammer og milepælar.
 - Etablere prosjektorganisasjonen med utvalde medarbeidarar som vert fristilt (heilt eller delvis) frå driftsoppgåver i eigen kommune.
 - Prosjektstyring og dialog med alle parter som vert opplevd som føreseieleg.
 - Ha god økonomistyring i programmet.
 - Kontroll og koordinering.

- Endringsleiing
 - Sikre en god omstilling av personell
 - Sikre riktig kompetanse og tilstrekkelig ressursar for å ivareta arbeidsgjevarspørsmål og omstillingsarbeidet i organisasjonen.
 - Identifisere og erkjenne kulturelle forskjellar og arbeide for å skape ein ny felles kultur
 - Sikre brei deltaking i organisasjonen med så små driftsforstyringar som mulig
 - Omstilling til best og mest effektiv praksis.
 - Redusere usikkerhet og mistydingar

- Involvering og kommunikasjon
 - Kommunikasjon preget av openheit, respekt og truverde
 - God og balansert involvering av tilsette
 - Sikre rett informasjon til rett tid til den rette interessegruppa.
 - Etablere en me-kjensle for innbyggjarane i Alver kommune. Innbyggjarmedverknad og vektlegging av det frivillige organisasjonsarbeidet i det identitetsskapande arbeidet.

- Innovasjon – nytt, nyttig og nyttiggjort
 - Digitalisering for å
 - utvikle brukarkontakt med innbyggerane og nærings- og samfunnsliv med moderne teknologiske hjelpemidlar
 - fornye
 - effektivisere
 - Initiere innovasjonsprosjekt som kan utvikle morgondagens metodar i tenesteproduksjonen.
 - Ta i bruk ny teknologi generelt og velferdsteknologi spesielt.

- Ressursoptimalisering og gevinstrealisering
 - Utarbeide ein gevinstrealiseringsplan og jobbe kontinuerlig med denne frå dag ein.
 - Gjensidig informasjon og involvering i kommunale handlings- og økonomiplaner
 - Arbeide med sektor- og temaplaner. Utarbeide mål og standardar for tenesteyting som tek i vare intensjonsavtalen mål og geografien i den nye kommunen.
 - Identifisere stordriftsfordeler, etablere effektive organisasjonar og tilpassa bemanningsplaner
 - Bruk av spesialstillingar for overtalige skal minimerast.
 - Programmet skal realisere innsparingspotensialet i innkjøps- og samarbeidsavtalene.

2 Oppgåver

Tidsbruken satt opp på kvart spørsmål er rettleiande for å halde ramma for møtet inkl. pausar. Tidsbruken kan justerast underveis i seminar etter behov.

2.1 Hovudmålsetting (20 min)

Det er nedfelt to hovudmålsettingar for samanslåingsprogrammet. Drøft om dette er tilstrekkeleg.

2.2 Resultatmål (20 min)

Resultatmåla skal utdjupe og konkretisere hovudmålsettingane. Programorganisasjonen må synleggjere gjennom einskildprosjekta i programmet at desse resultatmåla er mogleg å nå. Drøft om programmet treng fleire resultatmål.

2.3 Suksesskriterier (20 min)

Suksesskriteria skal syne kva som er avgjerande for at programorganisasjonen når sine mål. Suksesskriteria er delt inn i sju hovudperspektiv. Drøft om det er andre perspektiv som burde vert lagt til grunn i vurderinga av suksesskriteria.

2.4 Utdjuping av suksesskriterier (45 min)

Kvar gruppe tar tak i minimum to hovudperspektiv (vert delt opp i seminaret).

Drøft utdjuningspunkta:

- Er det nokre punkt som kan takast vekk?
- Er det nokre punkt som bør endrast?
- Er det nye punkt som bør vere med?

Drøft kva to utdjuningspunkt under kvart hovudperspektiv som er drøfta, det kan vere vanskelegast å lykkast med og kvifor.

2.5 Risikostyring (30 min)

Vurder risikobilete nedanfor med omsyn på drøftingane i oppgåve 2.4.

Plukk ut dei fem punkta i risikobilete nedanfor som du som medlem av fellesnemnda meiner inneber størst risiko for gjennomføringa av og måloppnåing i samanslåingsprogrammet.

3 Kap 7 Risikostyring

Med erfaringar frå andre kommunar kan den førebelse liste over hendingar nedanfor ligge til grunn for eit heilskapleg risikobilde knytt til programgjennomføring. Det er så langt ikkje vurdert risikoreduserande tiltak knytt til desse hendingane. Fellesnemnda bør hausten 2017 ferdigstille denne lista og etablere risikoreduserande tiltak der dette er nødvendig. Ein gjennomgang av mål- og suksesskriteria i kapittel 2 skal ligge til grunn for arbeidet med å ferdigstille lista nedanfor.

Tiltaksarbeidet skal i første omgang ha fokus på hendingar som inneber risiko for sjølve programgjennomføringa og overordna måloppnåing. Risiko knytt til måloppnåing elles vert vurdert og løyst i hovud- og delprosjektplanar.

Prosjektorganisering

1. Uklar ansvarsfordeling internt i programorganisasjonen – grensesnitt mellom prosjekta i programmet
2. Utydeleg styring og leiing i prosjektet.
3. Mangel på riktig og tilstrekkeleg kompetanse i prosjektet.
4. Uavklart rollefordeling mellom administrasjon og folkevalde i prosjektorganiseringa.
5. Uvisser om framdrifta i programmet og prosjekta.
6. Manglande oversikt over kostnadene knytt til programmet.
7. Politiske omkampar.
8. Forventningsgap mellom folkevalde og administrasjon.
9. Svak politisk forankring.
10. Lite koordinert planprosess og strategiutvikling i prosjektperioden.
11. Uklare forventningar til dei tre kommunane sit bidrag inn i programmet
12. Statisk og lite oppdatert styringsdokument

Overordna måloppnåing

13. Usemje om lokalisering av arbeidsplassar
14. Evner ikkje å etablere «neste» praksis på basis av eksisterande praksis i kommunane.
15. De gamle organisasjonane heng igjen i den nye.
16. Motstand mot endring i administrasjonen. (Mellomleiarar)
17. Manglande kapasitet hos leverandørar av digitale tenester.

Drift i eksisterande kommunar

18. Mangel på ressursar til å oppretthalde god drift i dei tre kommunane fram til 31.12.2019.
19. Tap av nøkkelpersonar fram til 2020.
20. Driftsforstyringar knytt til datasystem.

Involvering og engasjement for samanslåingsprosjektet og ny kommune

21. Manglande felles identitet og kultur for Alver kommune.
22. Ulike arbeidsmetodar og kultur i dei eksisterande kommunane.
23. Klarar ikkje å synleggjere gevinstar underveis.
24. Gamle kommunestrukturar påverkar politiske og administrative avgjerder.
25. Passivitet frå folkevalde og tilsette i ein eller fleire av dei eksisterande kommunane.
26. Manglande fokus på å bygge ein ny kommune.

Tilsette

- 27. Manglande involvering av tilsette
- 28. Misnøye med harmonisering av vilkår for tilsette.
- 29. Misnøye i samband med etablering av ny leiargruppe

Innbyggjarar og næringsliv

- 30. Motstand mot endringar blant innbyggjarar
- 31. Manglande engasjement blant innbyggjarar og næringsliv

Anna eksternt

- 32. Press frå media